
N O T A T 2 0 1 1 - 7

Økonomien i jordbruksfylka i Agder-fylka og Rogaland

Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009

Tabellsamling 2005–2009

LARS RAGNAR
SOLBERG

HEIDI
KNUTSEN

ANASTASIA
OLSEN



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

NILF gjev ut ei rekkje publikasjonar

Kjem ut årleg:

- «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

Resultat frå forsking og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og slutrapporatar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettppublisering).

NILF gjev også ut:

- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

NILF er sekretariat for Budsjettetnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:

- «Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:
<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

NOTAT 2011–7

Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2009

Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009

Tabellsamling 2005–2009

Lars Ragnar Solberg

Heidi Knutsen

Anastasia Olsen



Serie	Notat
Redaktør	Agnar Hegrenes
Tittel	Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2009. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009
Forfattere	Lars Ragnar Solberg, Heidi Knutsen, Anastasia Olsen
Prosjekt	Publisering av distriktstall (D223)
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2011
Antall sider	87
ISBN	978-82-7077-796-9
ISSN	0805-9691

Litt om NILF

- Forsking og utreiing med omsyn til landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, føretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og føretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettzemndra for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Vert finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskingar i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 900 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Dette notatet inneholder lokale data frå fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. I tillegg har vi kvart år med eitt eller fleire spesialtema som er interessante for regionen. I år er resultat frå ei spesialgransking der ein har samanlikna økonomien på bruk som har investert i bygningar og maskiner med bruk som ikkje har investert, tekne inn.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre fylka. I alt omfattar granskinga 76 bruk frå Rogaland og 52 bruk frå Agder-fylka. Bruka vert delt inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder».

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt som krev stor innsats av medarbeidrarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Agder og Rogaland.

Lars Ragnar Solberg har skrive store delar av notatet med bidrag frå Heidi Knutsen og Anastasia Olsen. Torbjørn Haukås har vore fagfellestøtte under arbeidet. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet.

Oslo, mars 2011
Ivar Pettersen

Innhold

SAMANDRAG	1
1 INNLEIING	3
2 DRIFTSRESULTATET FOR JORDBRUKET I AGDER OG ROGALAND 2009	4
3 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET	7
3.1 Resultatmål i jordbruket	7
3.1.1 Driftsoverskot	7
3.1.2 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk (jordbruksinntekt)	9
3.1.3 Lønsevne per time	10
3.2 Totaløkonomien for bruka i Agder og i Rogaland	11
3.2.1 Nettoinntekt	11
3.2.2 Nettoinvestering	13
3.2.3 Gjeld og gjeldsprosent	14
3.2.4 Tilleggsnæringer	15
4 SKATT	17
4.1 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag	17
4.2 Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)	19
5 INVESTERINGAR I DRIFTSGRANSKINGANE	21
6 TABELLSAMLING 2005–2009	25
7 FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLING	85
LITTERATUR	87

Figurar

Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i perioden 2000–2009	6
Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike område	8
Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke	8
Figur 3.3 Jordbruksinntekt per årsverk i gjennomsnitt for bruka på Jæren og i andre bygder samanlikna med gjennomsnitt for landet	9
Figur 3.4 Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for ulike driftsformer	10
Figur 3.5 Lønsevne per time for ulike produksjonar på Jæren og i Andre bygder	11
Figur 3.6 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk i heile landet, på Jæren og i Andre bygder	12
Figur 3.7 Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka på Jæren	12
Figur 3.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruka i Andre bygder	13
Figur 3.9 Nettoinvesteringar per bruk i ulike område	14
Figur 3.10 Gjeld i middel per bruk i ulike område	14
Figur 3.11 Gjeldsprosent per bruk i ulike område	15
Figur 3.12 Driftsoverskot frå tilleggsnæringer i gjennomsnitt for alle bruk i ulike	16
Figur 4.1 Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for heile landet, Jæren og Agder og Rogaland andre bygder	19

Figur 5.1	Produksjonsinntekter og dekningsbidrag i jordbruket for bruk med og utan (*) investeringar.....	22
Figur 5.2	Vederlag til alt arbeid og eigenkapital for bruk med og utan (*) investeringar	22
Figur 5.3	Prosentvis endring i vederlag til alt arbeid og eigenkapital år for år og trendlinje (lineær regresjon) for bruk med og utan (*) investeringar	23

Tabellar

Tabell 2.1	Samla oversikt for 2009.....	6
Tabell 4.1	Jordbruksfrådrag gruppert etter region	17
Tabell 4.2	Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Agder og Rogaland.....	18
Tabell 4.3	Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstørleik, Agder og Rogaland	18

Tabellsamling

Tabell 1	Fylkestal, Rogaland.....	26
Tabell 2	Fylkestal, Vest-Agder	29
Tabell 3	Fylkestal, Aust-Agder	33
Tabell 4	Områdetal, Jæren alle bruk	36
Tabell 5	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100–200 daa), alle driftsformer	39
Tabell 6	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 daa), alle driftsformer	42
Tabell 7	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer	45
Tabell 8	Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøtproduksjon	48
Tabell 9	Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald	51
Tabell 10	Områdetal, andre bygder, alle bruk.....	54
Tabell 11	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 3 (100–200 daa), alle driftsform.....	57
Tabell 12	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 4 (200–300 daa), alle driftsform.....	60
Tabell 13	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 5 (300–500 daa), alle driftsform.....	63
Tabell 14	Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøtproduksjon.....	66
Tabell 15	Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald.....	69
Tabell 16	Fylkestal, Aust-Agder, potet og grønsakproduksjon	72
Tabell 17	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. under 15 årskyr	75
Tabell 18	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. 15–19,9 årskyr	78
Tabell 19	Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgr. f.o.m. 20 årskyr.....	81

Samandrag

NILF utfører årlege «Driftsgranskinger i jord- og skogbruk». Formålet med desse er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve for gardsbruk der inntekter fra jordbruksfamilien har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingerne skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike grupper av bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Resultat vert publiserte i ein landsdekkande publikasjon og fleire regionale publikasjoner.

I dette notatet er lønsemada i jordbruksfamilien i 2009 for Agder-fylka og Rogaland presentert. Notatet inneholder også trendar og økonomisk utvikling siste tiåret og tabellsamling for de siste fem åra. I tillegg vert verknadene av jordbruksfrådraget grundig gjennomgått. Elles er det med eit kapittel om resultat frå ei spesialgransking der ein har samanlikna økonomien på bruk som har investert i driftsbygningar eller maskinar, med bruk som ikkje har investert.

Det var 52 bruk frå Agder-fylka og 76 bruk frå Rogaland som var med i driftsgranskingerne i 2009. Dei 128 bruka er fordelt på to regionar, *Jæren* med 48 bruk og *Agder og Rogaland andre bygder* med 80 bruk. Resultata for 2009 viste at bøndene frå Jæren hadde det høgaste inntektsnivået i 2009, som i 2008 og 2007. Jæren hadde også ein solid auke i nettoinvesteringar frå 2008 til 2009 på 50 prosent, målt i faste 2009-kroner.

Driftsoverskotet per bruk var i gjennomsnitt på kr 315 000 for Agder og Rogaland andre bygder i 2009. Dette er ein nedgang på om lag 5 prosent frå 2008 målt i faste 2009-kroner. Tilsvarende tal for Jæren var kr 505 000, som er ein nedgang på om lag 9 prosent frå 2008.

Jordbruksinntekta, målt i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, var på kr 281 000 for Jæren. Dette var ein nedgang på om lag 4 prosent frå 2008. Tilsvarende tal for Agder og Rogaland andre bygder låg på kr 218 000, som er ein auke på om lag 4 prosent frå 2008 målt i faste 2009-kroner.

Driftsforma med kombinasjonen svin- og mjølkeproduksjon på Jæren oppnådde den høgaste jordbruksinntekta av dei presenterte driftsformene i 2009 med kr 409 000. Dette var ein nedgang på 4 prosent frå 2008. Mjølkeproduksjonsbruka på Jæren auka jordbruksinntekta med om lag 22 prosent per årsverk, som var den største auken blant dei vanlegaste driftsformene i dei to regionane, medan mjøkebruka i Agder og Rogaland andre bygder fekk ein nedgang i jordbruksinntekta på 3 prosent. Alle disse prosentvise endringane er målt i faste 2009-kroner.

I 2009 hadde dei to regionane, Jæren og Andre bygder, svært ulik utvikling i nettoinvesteringar. Jæren hadde i middel kr 271 000 i nettoinvesteringar per bruk og dette var ein auke på 50 prosent frå 2008. Andre bygder hadde nettoinvesteringar på kr 144 000 i middel per bruk og dette var ein nedgang frå 2008 på 18 prosent. Nivået er likevel svært høgt samanlikna med tidlegare år og med andre regionar. Jæren og Agder og Rogaland andre bygder hadde ein gjeldsprosent på hhv. 57 prosent og 53 prosent i 2009. For Jæren var det ein auke på 4 prosentpoeng frå 2008, medan for Andre bygder var det uendra frå 2008. Auken for Jæren samsvarar godt med det høge investeringsnivået i 2009.

I kapittelet om skatt er verknadene av jordbruksfrådraget grundig omtala. I middel for driftsgranskingsbruk i Agder og Rogaland andre bygder vart skattereduksjonen for 2009 kr 31 600. Tilsvarende tal for Jæren vart kr 32 500. Den største inntektsverknaden per årsverk for dei presenterte driftsformene, fekk bruk med mjølk på Jæren. Den største skattereduksjonen fekk bruk med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald.

Investeringar i jordbrukskapittet er temaet for kapittel fem. Rogaland, og då spesielt Jæren, har ei høg nettoinvestering i middel, og spesialgranskingsverket som vert presentert i dette kapittelet, kan vere av stor interesse. I spesialgranskingsverket ser ein på korleis økonomiske resultatmål utviklar seg på bruk som har investert i driftsbygning og fast teknisk utstyr. Korleis dei økonomiske resultata utviklar seg i rundt ei investering avheng av kva for ein tidsperiode ein studerer. Mykje tyder likevel på at bruk med investeringar opplever store driftsmessige problem i investeringsåret og at det tar nokre år å hente inn igjen nedgangen i investeringsåret.

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg, landsomfattande rekneskapsundersøking med røter tilbake til Noregs Vel i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med rekneskapsundersøkinga er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve for gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultata for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering.

Undersøkinga tek spesielt for seg verksemda i jord- og skogbruket, men andre næringsgreiner blir og tekne med. Næring som tek utgangspunkt i ressursane på garden, er kalla *tilleggsnæring*, og næringsverksemd som er uavhengig av garden sitt driftsapparat, er kalla *anna næring*.

Driftsgranskingane skal gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forsking og utgjeiring, gje bidrag til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvaltning. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane på landsbasis, de siste ti åra noko i underkant. For rekneskapsåret 2008 kom tal deltararar for første gong under 900. I 2009 var det med 848 bruk i driftsgranskingane. I tillegg leverte 38 samdrifter innan kumjølkproduksjon data til undersøkinga. Talmaterialet deira blir handsama separat, og resultata går ikkje inn i sjølve driftsgranskingsmaterialet. Ved utval av bruk er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrytterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert om lag ti prosent av deltararbruka skifta ut.

I dette notatet vert det presentert data for dei tre fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. Kapittel 2 viser driftsresultatet for 2009 og i kapittel 3 ser vi på utviklinga de siste 10 åra. I kapittel 4 er verknadene av jordbruksfrådraget omtala. Ei spesialgransking som analyserer bruk som har investert tungt i bygningar og teknisk utstyr samanlikna med ei gruppe som ikkje har investert, er omtala i kapittel 5. Kapittel 6 inneheld ei tabellsamling med fylkestal og områdetal for de fem siste åra.

Dei økonomiske data i 10-årstrendane i kapittel tre er deflaterte med konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktene i tabellsamlinga inneheld beløp i nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltararane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ein god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjettetnemnda for jordbruket.

2 Driftsresultatet for jordbruket i Agder og Rogaland 2009

Hovudtendensar:

- **Liten nedgang for jærbondene, men framleis best i landet**
- **Høgt investeringsnivå på Jæren**
- **Stor auke i kraftførkostnadene, særleg for kraftførkrevjande produksjonar**

Jordbruksinntekta til jærbondene gjekk ned med 2 prosent frå 2008 til 2009 målt i nominelle storleikar, men var likevel den beste regionen i landet med kr 281 200 per årsverk. I resten av Rogaland og Agder auka jordbruksinntekta med fire prosent, til kr 218 400 per årsverk.

Jordbruksinntekt er her definert som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruken. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av 848 bruk frå heile landet. Bruka frå Rogaland og Agder vert delte inn i to regionar, «Jæren» og «Rogaland og Agder andre bygder». I alt var det med 48 bruk frå Jæren og 80 bruk frå resten av Rogaland og Agder-fylka. Utvalet av bruk som deltek, skal vere representativt for regionen.

Sjølv med ein nominell nedgang i jordbruksinntekta på kr 7 100 per årsverk, var det brukta med **mjølkeproduksjon kombinert med svinehald** på Jæren som oppnådde best resultat i 2009, med kr 408 800 per årsverk. Mjølkeproduksjonen auka også på desse bruken. I svinehaldet var det produksjonsauke for slaktegris, medan inntekt frå sal av smågris gjekk ned, slik at produksjonsinntektene i svinehaldet gjekk noko ned. Kombinert med kraftig auke i kraftførkostnaden førte det til nedgang i resultatet. Redusert arbeidsinnsats og lågare rentekostnad gjorde at den nominelle nedgangen i jordbruksinntekt per årsverk likevel ikkje vart på meir enn 2 prosent.

I alt auka mjølkemengda med 14 prosent til 191 200 liter og årskutalet med 3,3 til 28,3 årskyr. Produksjon av svinekjøt auka med 45,5 prosent til 74 400 kg, medan produksjon av smågris gjekk ned med 26,1 prosent til 960 salbare smågris. Mjølkeprisen auka med 3 øre, til kr 4,11, prisen på svinekjøt auka med kr 0,63 per kg og storfekjøt med kr 2,36 per kg. Smågrisprisen gjekk ned med nesten 12 prosent til kr 884 per seld smågris. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med 9 prosent og var i 2009 2 årsverk à 1 845 timer. Det er få bruk i denne gruppa, og endringar på enkeltbruk kan gje store utslag for gruppa.

Mjølkeproduksjon er den mest vanlege driftsforma i begge regionane. For mjølkebruken på Jæren var det bare små endringar i produksjonen og dei hadde i 2009 33,6 årskyr, ein nedgang på 0,5 årskyr frå 2008. Omsett mjølk auka med 0,7 prosent til 222 700 liter. Ytinga var ca. 7 390 kg per årsku. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med 9 prosent til 3 400 timer. Jordbruksinntekta for denne gruppa auka nominelt med heile 25 prosent til kr 283 600 per årsverk. Prisauke, mjølkeprisen auka med 18 øre for desse bruken, moderat kostnadsauke, reduserte rentekostnader og auka effektivitet førte til det gode resultatet.

Mjølkeprodusentane i de andre bygdene i Rogaland og Agder fekk redusert jordbruksinntekta nominelt med knappe 1 prosent frå 2008 til 2009, til kr 174 000 per årsverk. Årskutalet og ytinga var om lag uendra frå 2008, 19,4 årskyr og 6 700 kg mjølk per årsku. Arbeidsinnsatsen har òg vore stabil dei siste åra og var i gjennomsnitt 1,7 årsverk. Også for denne gruppa auka produksjonsinntektene, men kostnadsvekst førde til at det vart nedgang i jordbruksinntekta.

Bruka med kombinert **mjølkeproduksjon og sauehald** i de andre bygdene i Rogaland og Agder hadde 22,7 årskyr og produserte 7 130 kg mjølk per årsku i 2009. Det er ein auke på 2,4 årskyr frå 2008. Det vart omsett 143 400 liter mjølk per bruk. I tillegg hadde produsentane 99 vinterföra sauvar og dei produserte 2 400 kg lammekjøt, ein auke på 10 prosent frå 2008. Prisen på lammekjøt var uendra frå året før, medan mjølkeprisen auka 15 øre. Jordbruksinntekta auka nominelt med 11 prosent til kr 254 200 per årsverk. Også i denne gruppa er det få bruk, og endringar på enkeltbruk kan derfor gje store utslag.

Driftsoverskotet per bruk var i middel for Jæren kr 504 900 og for Rogaland og Agder andre bygder kr 315 200. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta og rente på innsett kapital.

Driftsgranskningane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 59 prosent av **dei samla inntektene til familien** for bruken på Jæren, ein nedgang på tre prosentpoeng frå 2008. Tilleggsnæringer utgjorde 2,5 prosent og lønsinntekt 29 prosent. Resten av inntekta er anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter. I resten av Rogaland og Agder utgjorde driftsoverskot frå jordbruket 43 prosent ein auke på eitt prosentpoeng frå 2008, frå tilleggsnæringer 9 prosent ein nedgang på eitt prosentpoeng, og frå skogbruket 2 prosent. Lønsinntekt utgjorde 34 prosent av familiens samla inntekter. Resten er anna næringsinntekt, pensjonar og kapitalinntekter.

Nettoinvesteringane på bruken på Jæren auka med nesten kr 100 000 i høve til i 2008, og var i gjennomsnitt kr 271 500. De andre bygdene i Rogaland og Agder hadde lågare investeringar i 2009 enn året før og hadde i gjennomsnitt nettoinvesteringar på kr 143 900 per bruk, noko som er kr 7 000 over landsgjennomsnittet. Jæren var den regionen som hadde høgst nettoinvestering i 2009.

Samla **gjeld** har i snitt auka nominelt med 10 prosent per bruk, til kr 3 249 700 for bruken på Jæren. Rentekostnaden gjekk ned med kr 37 900 til kr 121 300. For resten av Rogaland og Agder er den gjennomsnittlege gjelda auka nominelt med 10 prosent til kr 2 327 900, medan rentekostnadene gjekk ned med 18 prosent til 87 100.

Maksimalt **jordbruksfrådrag** var kr 142 000 i 2009. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruken på Jæren kr 306 000 per årsverk. For de andre bruken i Rogaland og Agder vert skattekorrigert jordbruksinntekt kr 245 400 per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 24 800 per årsverk på Jæren og 27 000 i de andre bygdene i Rogaland og Agder. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i de andre resultatmåla frå driftsgranskningane.

Alle dei presenterte resultata, er middeltal frå større grupper av bruk. Mindre grupper er ikkje presenterte her, men er med i gjennomsnittstala. Det er stor spreying i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 128 bruken i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.


Tabell 2.1 Samla oversikt for 2009

	Tal bruk	Inn- marks- areal	Driftsoverskot per bruk		Jordbruksinntekt per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk		
			2008	2009	2008	2009	2008	2009	
Rogal./Agder, alle	128	288	403 200		386 300	386 300	239 300	270 200	
Jæren	Jæren, alle	48	303	545 700	504 900	285 900	281 200	310 200	306 000
	100-199 daa	9	173	430 200	379 200	272 100	237 300	300 200	262 100
	200-300 daa	15	267	687 900	501 900	340 600	288 800	363 500	315 200
	300-500 daa	13	391	317 600	466 400	165 000	258 400	192 100	289 500
	> 500 daa	5	623	649 200	769 200	248 800	350 400	268 100	373 400
Agder og Rogaland andre bygder	Mjølk	17	328	477 700	498 500	227 000	283 600	255 400	312 200
	Mjølk/gris	9	286	973 500	852 000	415 900	408 800	442 900	438 000
	Andre bygder, alle	80	279	325 800	315 200	209 800	218 400	236 100	245 400
	100-199 daa	28	160	187 700	222 200	143 200	186 200	167 900	213 700
	200-300 daa	18	239	292 000	349 800	188 700	230 600	217 100	256 800
	300-500 daa	23	373	367 600	311 200	244 500	195 300	275 500	223 900
	> 500 daa	8	591	611 600	515 100	245 900	267 200	267 100	288 600
	Mjølk	33	261	280 900	282 500	176 000	174 100	201 800	200 900
	Mjølk/sau	12	396	393 800	470 000	228 500	254 200	255 700	279 800

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner

Jordbruksinntekt per. årsverk er definert som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapitalen

Utvikling i jordbruksinntekt, kr per årsverk, 2000-2009



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timer i perioden 2000–2009

3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruksført for Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland frå 2000 til og med 2009. Materialet er hovudsakleg delt inn i to område; *Jæren* og *Andre bygder*. Andre bygder omfattar dei to Agder-fylka og Rogaland utanom Jæren, og vil i den vidare teksten berre bli omtala som *Andre bygder*. For området Jæren er det for 2009 tal frå 48 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa Andre bygder er det 80 bruk. Til samanlikning har vi tatt med tal som viser utviklinga for heile landet. I dette kapittelet er det nytta figurar for å syne utviklinga. Nokre av gruppene er små, og for desse gruppene kan utskifting av bruk og større investeringar på enkelte bruk gje store utslag på resultatet. Alle resultata i dette kapittelet er om rekna til 2009-kroner etter konsumprisindeksen.

3.1 Resultatmål i jordbruksført

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruksført: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein viktig del av inntektspolitikken i Noreg, men det påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane. Verknad av jordbruksfrådraget vert omtala i kapittel 4.


3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke vederlag til familien og eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital.


Figur 3.1 viser korleis driftsoverskotet i områda har utvikla seg over ti år samanlikna med heile landet. Jæren har hatt det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden. Frå 2004 til 2007 auka driftsoverskotet på Jæren meir enn for landsgjennomsnittet, men frå 2007 til 2008 auka landsgjennomsnittet noko meir enn gjennomsnittet for Jæren, og skilnaden vart litt mindre. Frå 2008 til 2009 minka driftsoverskotet meir på Jæren enn i Andre bygder og i Heile landet. Auka kraftførkostnader og auka kostnader ved kjøp av dyr har redusert driftsoverskotet. Framleis er jærbruka større enn gjennomsnittsbruket i landet, og har høgare produksjonsomfang.

Totalt for Jæren var reduksjonen på 9 prosent frå 2008 til 2009 mot ein auke på 2 prosent året før. I regionen «Agder og Rogaland andre bygder», minka driftsoverskotet med 5 prosent frå 2008 til 2009.

Figur 3.2 viser at Rogaland framleis har høgare driftsoverskot enn Agder-fylka, men også her har driftsoverskotet gått noko ned frå 2008 til 2009. Nedgangen er størst i Vest-Agder som også har det lågaste nivået.



Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike områder




Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke

3.1.2 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk (jordbruksinntekt)

Vederlaget viser kor mykje som er igjen til å dekke alt arbeidet på bruket (også leigd hjelpe) og til forrenting av eigenkapitalen. Medan driftsoverskotet blir rekna per bruk, blir vederlag til alt arbeid og eigenkapital rekna per årsverk. Eit årsverk i landbruket er sett til 1 845 timer for heile tiårs-perioden.


I 2009 var eit gjennomsnittsbruk på Jæren 1,96 årsverk, for andre bygder var gjennomsnittsbruket 1,72 årsverk. Figur 3.3 viser den gjennomsnittlege jordbruksinntekta for bruka på Jæren og i Andre bygder.



Figur 3.3 Jordbruksinntekt per årsverk i gjennomsnitt for bruka på Jæren og i andre bygder samanlikna med gjennomsnitt for landet

Figur 3.4 viser jordbruksinntekta for ulike driftsformer på Jæren og i Andre bygder. Det er framleis bruka med svin- og mjølkeproduksjon på Jæren som har det beste resultatet. Rekna i fast kroneverdi har desse bruka auka jordbruksinntekta med nesten kr 200 000 frå 2006 til 2008, men i 2009 gjekk jordbruksinntekta noko ned. I 2009 var det ein stor reduksjon i salet av smågris som reduserte produksjonsinntektene, medan på kostnadssida var det ein auke i bl.a. kraftførkostnader som reduserte jordbruksinntekta.

Mjølkeproduksjonsbruka på Jæren er større enn bruka med same driftsform i Andre bygder, og hadde i 2009 14,2 fleire årskyr og 66,4 dekar større areal enn bruka i Andre bygder. Vederlaget til arbeid og eigenkapital per årsverk følgjer same trenden gjennom perioden 2000–2008 for dei to regionane, men bruka på Jæren har i 2009 ein auke i vederlaget, medan Andre bygder fekk redusert jordbruksinntekta si.




Figur 3.4 Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for ulike driftsformer

3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd hjelpe, og viser kor mykje som er igjen når innsett kapital har fått godtgjering. Figur 3.5 viser lønsevne per time for utvalde grupper.

Mjølke- og svineprodusentane på Jæren har hatt ein stor auke i lønsevne per time dei siste åra, og oppnådde kr 225 per time i 2009. Det er meir enn kr 85 meir per time enn gjennomsnittet for mjølke- og storfeprodusentane på Jæren i 2009. For dei andre viste driftsformene, var det også ein vesentleg auke. Halvering av rentefoten på innsett kapital frå 6 prosent til 3 prosent er viktig årsak til auke i lønsevne.




Figur 3.5 Lønsevne per time for ulike produksjonar på Jæren og i Andre bygder

3.2 Totaløkonomien for brukar i Agder og i Rogaland

3.2.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringer, løn, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.

Figur 3.6 viser gjennomsnittleg nettoinntekt for alle brukar i driftsgranskningane og for brukar i dei to regionane i Agder og Rogaland. Nettoinntekta i Andre bygder gjekk ned med 6 prosent frå 2008 til 2009, og nivået er igjen lågare enn for landsgjennomsnittet. Brukar på Jæren fekk nettoinntekta si redusert med 8 prosent frå 2007 til 2008, men frå 2008 til 2009 auka nettoinntekta med 1 prosent. Auken skuldast lågare rentekostnader og høgare lønsinntekter.




Figur 3.6 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk i heile landet, på Jæren og i Andre bygder

Figur 3.7 viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien på Jæren. I 2000 henta bøndene på Jæren 59 prosent av inntekta fra jordbruket, og i 2009 var framleis jordbruks del av inntektene 59 prosent. Lønsinntektene har lege relativt stabilt kring 30 prosent gjennom perioden 2000–2009, medan delen som kjem frå andre næringar, har auka noko.



Figur 3.7 Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruken på Jæren

For bruken i Andre bygder utgjør driftsoverskotet fra jordbruksproduksjonen ein mindre del av dei samla inntektene enn for bruken på Jæren. I 2000 utgjorde driftsoverskotet fra jordbruksproduksjonen 38 prosent av inntektene, i 2009 hadde delen auka med fem prosentpoeng til 44 prosent. I perioden 2008 til 2009 aukte delen fra lønsinntekter fra 33 prosent til 34 prosent av dei totale inntektene.




Figur 3.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt for bruk i Andre bygder

3.2.2 Nettoinvestering

Nettoinvestering er verdien av tilkjøp av eideleiar minus avskrivningar, tilskot og fråsal. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidla i løpet av året.


Dei høge investeringane i 2004, 2005 og 2006 (figur 3.9) kan vi sjå i samanheng med auka konsesjonsgrenser i 2003 for svine- og fjørseproduksjon. Etter fleire år med høg investering på Jæren, vart snittet for nettoinvesteringar for 2007 noko lågare enn tilsvarande for Andre bygder. I perioden etter 2007 har nettoinvesteringane på Jæren tatt seg opp att, og nivået i 2009 nærmar seg toppåret i 2004. Det vart i hovudsak investert i bygningar i 2009. Andre bygder ligg meir eller mindre på landsgjennomsnittet for nettoinvesteringar i 2009.



Figur 3.9 Nettoinvesteringar per bruk i ulike område

3.2.3 Gjeld og gjeldsprosent


Figur 3.10 viser ein jamn auke i gjeld for heile landet i løpet av dei siste åra, bortsett frå ein liten nedgang på Jæren frå 2008 til 2009. Gjelda på Jæren vart i gjennomsnitt på kr 3 249 700 i 2009 og i Andre bygder vart tilsvarende tal kr 2 327 900 medan landsgjennomsnittet var kr 1 870 800 i 2009.



Figur 3.10 Gjeld i middel per bruk i ulike område

Gjeldsprosenten er gjelta i prosent av totalkapitalen, og han viser kor stor del av egedelane som er finansiert med lånt kapital. Alle brukta i driftsgranskingane hadde ein

gjennomsnittleg gjeldsprosent på 45 prosent i 2009 (figur 3.11), Jæren og Agder og Rogaland andre bygder hadde ein gjeldsprosent på 57 prosent og 53 prosent. For Jæren er det ein auke på 4 prosentpoeng frå 2008., medan gjeldsprosenten er uendra for Andre bygder. Store investeringar på Jæren er årsak til auken i gjeldsprosenten.




Figur 3.11 Gjeldsprosent per bruk i ulike område

3.2.4 Tilleggsnæringer

Tilleggsnæring vert i driftsgranskningane definert som næring utanom tradisjonelt jordbruk, der garden sin ressursar vert nytta, til dømes til maskinkjøring, utleigehus, utmarksnæring, turisme, vidareforedling av varer og liknande. I gjennomsnitt for alle brukar i utvalet utgjer bidraget frå tilleggsnæringa lite, men det kan bety mykje på enkeltbruk.

Figur 3.12 viser driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt for deltakarbruka i driftsgranskningane. Inntekta frå tilleggsnæring for brukar frå Andre bygder har dei siste åra vore høgare enn landsgjennomsnittet. For brukar på Jæren er bidraget frå tilleggsnæring lite sjølv om det auka noko frå 2008 til 2009. Andre bygder i Agder og Rogaland er den regionen i Noreg med høgst driftsoverskot i frå tilleggsnæring i 2009 med kr 69 000, medan Jæren er den regionen med lågast driftsoverskot i frå tilleggsnæring i 2009 med kr 22 300



Figur 3.12 Driftsoverskot fra tilleggsnæringer i gjennomsnitt for alle bruk i ulike

4 Skatt

4.1 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget er gradvis auka sidan starten i 2000. I 2007 vart maksimalt frådrag auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Frådraget er uendra frå 2007 til 2009. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd eller driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk, når ein reknar 33 prosent marginalskatt, varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. Vi kjem fram til inntektsverknad per bruk ved å trekke ut 28 prosent av jordbruksfrådraget og dividere dette på 0,67. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk.

For 2009 var følgjande gjeldande: Ved næringsinntekt opp til kr 54 200 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved inntekt frå kr 54 200 og opp til kr 328 575 vart frådraget kr 54 200 pluss 32 prosent av all inntekt mellom kr 54 200 og kr 328 575. Maksimalt frådrag ein kan få, er kr 142 000, då må næringsinntekt vere høgare enn kr 328 575. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skattelette vert 28 prosent av jordbruksfrådraget.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle brukna i driftsgranskingane i 2009 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 105 100. For Jæren vart frådraget noko høgare, kr 116 200, og i Agder og Rogaland andre bygder låg også frådraget litt over landsgjennomsnittet med kr 111 100. Ein del av deltarane har ikkje oppnådd maksimalt jordbruksfrådrag på grunn av for låg næringsinntekt (tabell 4.1).

Tabell 4.1 Jordbruksfrådrag gruppert etter region

Regionar	Tal bruk	Tal bruk			Skatte- reduksjon	Inntekts- verknad per årsverk
		med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruks- frådrag, kroner		
Austlandet, flatbygder	189	63	27	90 500	25 300	29 400
Austlandet, andre bygder	135	37	9	95 900	26 900	26 600
Jæren	48	27	1	116 200	32 500	24 700
Agder/Rogaland, andre bygder	80	34	3	111 100	31 100	27 000
Vestlandet	162	65	6	107 600	30 100	26 200
Trøndelag, flatbygder	65	28	1	113 900	31 900	33 700
Trøndelag, andre bygder	62	26	1	116 400	32 600	26 700
Nord-Norge	107	50	1	117 700	32 900	29 700
Alle	848	330	49	105 100	29 400	27 800

I tabell 4.2 har vi samanlikna dei mest utbreidde driftsformene i dei to regionane. Delen av bruk som klarte å oppnå maksimalt jordbruksfrådrag, auka frå 47 prosent i 2008 til

48 prosent i 2009. Det var fire bruk som hadde så låg inntekt at dei ikkje fekk jordbruksfrådrag i 2009, men desse brukna utgjorde berre 3 prosent av brukna i dei to regionane.

Tabell 4.2 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, Agder og Rogaland

Driftsformer	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skattekortslag, reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
Mjølk, andre bygder	33	15	2	108 547	30 393	26 748
Mjølk, Jæren	17	11	0	126 493	35 418	28 644
Sauenhald	14	1	2	73 006	20 442	24 896
Mjølk/sau	19	8	0	121 765	34 094	24 354
Mjølk/swin	11	10	0	140 036	39 210	27 308
Jæren, alle	48	27	1	116 153	32 523	24 740
Agder og Rogaland, andre bygder, alle	80	34	3	111 079	31 102	26 950
Alle	128	61	4	113 000	31 600	26 000

I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruka i Agder-fylka og Rogaland var skattekortslagjen for 2009 kr 31 600. Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald oppnådde størst inntektsverknad per bruk, medan det er mjølkebruka på Jæren som fekk størst inntektsverknad per årsverk. Rekna per årsverk er det relativt liten skilnad mellom driftsformene.

I tabell 4.3 har vi sett på korleis bruksstorleik påverkar utnytting av jordbruksfrådraget. Dei største brukna, frå 500 dekar og større, oppnår høgast jordbruksfrådrag med kr 127 200 og høgast skattereduksjon med kr 35 600, medan brukna med mellom 300 og 499 dekar oppnår høgast inntektsverknad per årsverk med kr 29 500.

Tabell 4.3 Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, Agder og Rogaland

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skattekortslag, reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
100–199 daa	36	10	3	96 600	27 000	26 400
200–299 daa	34	16	1	112 800	31 600	26 600
300–499 daa	36	20	0	123 200	34 500	29 500
> 500 daa	14	10	0	127 200	35 600	22 000
Alle	128	61	4	113 000	31 600	26 000


Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta. Nokre bønder vel lågare avskrivingar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget.

4.2 Skattejustert vederlag til arbeid og eigenkapital (jordbruksinntekta)

Inntektsverknad av jordbruksfrådraget er eit inntektspolitiske verkemiddel for å auke innteninga i landbruket. Dette er også eit verkemiddel som ikkje er omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget er gradvis auka sidan starten i 2000 og fram til 2006. I 2007 vart frådraget auka frå kr 71 500 til kr 142 000, og er med dette blitt ein viktig del av inntektsdanninga i jordbruket.

Ein ser tydelig av figur 4.1 at inntektsverknaden av jordbruksfrådraget endra seg mykje frå 2006 til 2007 på grunn av auken i jordbruksfrådraget i 2007, men at det er berre mindre endringar frå 2007 til 2009.

Skattejusterte jordbruksinntekter per årsverk er høgast på Jæren, men Jæren opplevde ein liten nedgang frå 2008 til 2009. Andre bygder hadde ein liten auke frå 2008 til 2009. I heile landet gjekk også den skattejusterte jordbruksinntekta noko ned frå 2008 til 2009.



Figur 4.1 Skattejusterte jordbruksinntekter og jordbruksinntekter før justering per årsverk for heile landet, Jæren og Agder og Rogaland andre bygder

5 Investeringar i driftsgranskingane

Nettoinvestering er verdien av tilkjøp av eigedelar minus avskrivingar, tilskot og fråsal. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidla i løpet av året. Nettoinvesteringa kan altså gi oss ein peikepinn på kor stor investeringslysta på eit bruk eller i ei næring. I ei spesialgransking utført av NILF, ser ein på korleis økonomiske resultatmål utviklar seg på bruk som har investert i driftsbygningars og fast teknisk utstyr. Bruka som er med i denne spesialgranskinga, er frå heile landet, men resultata bør vere av særskild interesse for dei to regionane i Rogaland og Agder-fylka då dei har investert mykje dei siste åra.

I driftsgranskingane var nettoinvesteringane på Jæren og i Aust-Agder mykje høgare enn middelet for heile landet i 2009. På Jæren var nettoinvesteringa i middel per bruk kr 271 000 i 2009, medan i Aust-Agder var tilsvarende tal kr 240 000 i 2009. I heile Noreg var nettoinvesteringa i middel per bruk kr 137 000.


Bruttoinvesteringa i middel på bruk som er med i driftsgranskingane, har auka mykje de siste ti åra. Korleis dei økonomiske resultata utviklar seg før, under og etter investeringa, er analysert i spesialgranskinga *En analyse av investeringer i landbruket*.²

I denne granskinga er bruk som investerte minst kr 500 000 i driftsbygningars eller teknisk utstyr i 2006, samanlikna med bruk som ikkje investerte i perioden 2005–2008. Bruka i begge grupper dreiv med kumjølk-, storfekjøtt-, svinehald eller en kombinasjon av desse. Det er data frå rekneskapsåra 2005, 2006, 2007 og 2008 som inngår i analysane. Bruka i de to gruppene er samanliknbare i geografisk plassering og produksjonsform, men bruk som investerte i 2006, er noko større enn dei som ikkje investerte. Derfor er det lagt stor vekt på den prosentvise utviklinga i økonomiske resultatmål i analysen.


I gjennomsnitt investerte bruk i investeringsgruppa kr 1 578 000 i driftsbygningars og teknisk utstyr i 2006. Dei investerte også noko i 2007. Noko av dette er truleg etterslep frå hovudinvesteringa i 2006.

For heile perioden under eitt hadde bruk med investering i 2006 større inntekter, men også større kostnader i form av renteutgifter, avskrivingar, variable og faste kostnader. Figur 5.1 viser produksjonsinntekter og dekningsbidrag for bruk som har investert og for referansegruppa, bruk utan investeringar. Her ser ein at produksjonsinntektene har gått opp med 64 prosent for bruk med investeringar frå 2005 til 2008, medan referansegruppa har ein auke på 28 prosent i same perioden. Biletet endrar seg viss ein trekker inn faste kostnader, avskrivingar og renteutgifter. Figur 5.2 viser at referansegruppa hadde stort prosentvis auke i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, jordbruksinntekta, frå 2005 til 2008. Jordbruksinntekta auka med høvesvis 20 prosent og 33 prosent for bruk med og utan investeringar. Bruka med investering vart sette kraftig tilbake i investeringsåret truleg på grunn av ein del driftsmessige problem, og det viser seg at det tar tid før dei får retta opp i desse problema. Spesialgranskinga viser at det tar meir enn to år etter investeringsåret før dei er à jour i utvikling med referansegruppa. Det skal nemnast at perioden 2005–2008 var prega av stigande rentenivå, noko som kan ha dempa inntektsutviklinga.

² Solberg, Lars Ragnar (2010). *En analyse av investeringer i landbruket*. NILF-notat 2010-19




Figur 5.1 Produksjonsinntekter og dekningsbidrag i jordbruket for bruk med og utan () investeringar*



Figur 5.2 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital for bruk med og utan () investeringar*

Ser ein på utviklinga frå år til år, viser bruken med investeringar ei svak utvikling frå 2005 til 2006, men etter investeringa i 2006 viser dei betre prosentvis utvikling for fleire sentrale resultatmål samanlikna med referansegruppa. Dette kan ha direkte samanheng med nedgangen frå 2005 til 2006. Investeringsbruken låg på eit svært lågt nivå i 2006, og dei fekk derfor ei solid prosentvis inntektsutvikling frå 2006–2007 og 2007–2008. For eksempel ser ein i figur 5.3 at jordbruksinntekta, målt som vederlag til alt arbeid og eigenkapital, gjekk ned med 20 prosent frå 2005 til 2006 for bruken med investering, medan ho auka med 9 prosent for referansegruppa i same periode. Jordbruksinntekta auka med 42,5 prosent frå 2006 til 2007 og med 5 prosent frå 2007 til 2008 for bruken

med investeringar, medan resultata for referansegruppa var høvesvis 25,2 prosent frå 2006 til 2007 og -2,2 prosent frå 2007 til 2008.



Figur 5.3 Prosentvis endring i vederlag til alt arbeid og eigenkapital år for år og trendlinje (lineær regresjon) for bruk med og utan () investeringar*

